

## Familien Lakselv startar ferjekiosken Dråpen

14.03.2017



Tove Lill og Ronny Lakselv startar ferjekiosk på MF HORDALAND frå 27. mars.

**Tove Lill og Ronny Lakselv frå Uskedalen opnar ferjekiosken Dråpen på MF HORDALAND måndag 27. mars. Ferja går i rute 2 og har Varaldsøy som stopp på dei fleste turane. Ekteparet Lakselv fører med dette vidare ein tradisjon i arbeidet som stuert og restauratør frå Uskedalen. Olav Hauge var nemleg i mange år ein vel omtykt stuert på MF KVINNHERAD i det same ferjesambandet, men då med Løfallstrand ferjekai som base.**



[Ein kaffikopp høyrer med til overfarten på ei ferje, før HSD - no NORDLED.](#)

Tove Lill og Ronny Lakselv fortel til Uskedalen.no at dei ser fram til oppstarten 27. mars. No skal ein gjera innkjøp og marknadsføra drifta på ein god måte. Sambandet Årsnes - Varaldsøy - Gjermundshamn er ein transportetappe der dei reisande etterspør kaffi, god mat og aktivitetar for born. Målet må vera å gjera overfarten triveleg med gode opplevingar. Ein vil til dømes låna ut spel til borna i ein eigen leikekrok.

Namnet Dråpen er bevisst vald. Den vesle dråpen utgjer havet. Dråpen er liten, men avgjerande i ein større heilskap. Tove Lill har til no vore tilsett på DILL med ansvaret for kiosken på ferja mellom Ranavik og Skjesholmane. Ein gong i tida jobba ho på MF FITJAR i ruta Utåker - Skånevik. Når drifta på DILL vart nedlagd, var det om å gjera å vera kreativ og tenkja nytt. Ronny er til dagleg sals- og innkjøpsansvarleg på Hellesøy Verft AS,- ein jobb han vil halda fram med. I helgane vil vi finna han ombord i ferja.

MF HORDALAND, levert i 1979 frå AS Stord Verft, var lenge storferja i HSD flåten. Ferja gjekk i fleire år i sambandet Halhjem - Sandvikvåg. Kiosken ligg i salongen nede, her ein også kan sjå mange vakre og historiske bilete frå ferjefarten.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal